

Nr. 4 - september 2021

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Gudstenester

5. September Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste ved Torbjørn Sæle

Takkeoffer til NLA høgskulen

11. September Sandnes kyrkje kl.12:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

12.september Solheim kyrkje kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

26.september Frøyset kyrkje kl. 10:30 og 12:15

Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

03. Oktober Sandnes kyrkje kl.12.00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkeoffer til Kirkens Bymisjon Bergen

10.oktober Solheim kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkeoffer til Barne og ungdomsarbeidet i Masfjorden

Granneheimen kl. 17:30

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkeoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

24.oktober Sandnes kyrkje kl. 12:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkeoffer til «Voksne for barn»

31.oktober Fjon Fjellkyrkje kl. 14:00

Gudsteneste i samband med ungdomsleir

v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

Takkeoffer til Fjon Fjellkyrkje

7.november Sandnes kyrkje kl. 12:00

Solheim kyrkje kl. 14:30

Frøyset kyrkje kl. 17:00

Minnegudsteneste v/Torbjørn Sæle

Takkeoffer til Rådet for psykisk helse

21.november Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle. Tårnagentar.

Takkeoffer til «Voksne for barn»

Oppdatert informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:

www.masfjorden.kyrka.no

Følg oss òg på Facebook: « Kyrkja i Masfjorden»

Døypte

06.06.2021 Sivert Eikemo

Foreldre: Sygni Molland og Torstein Eikemo

Faddrar: Stine Eikemo, Ingvild Molland, Lene Molland, Trine Sylta.

20.06.2021 Tobias Daae Tøsdal

Foreldre: Nina Hope Daae og Even Torblå Tøsdal

Faddrar: Helene Virkesdal Daae, Ole Kristian Botnen Daae, Tom Rune Daae, Adele Tøsdal og Renate Tøsdal.

27.06.2021 Mari Stusdal

Foreldre: Randi Stusdal og Håvard Stusdal

Faddrar: Dina Haugsvær, Kajsa Holtet-Stusdal, Linn Thunes Solemdal, Tore Steinestø og Martin Steinestø.

04.07.2021 Mariell Krossøy

Foreldre: Viviann Mjelstad og Tom Krossøy

Faddrar: Alexander Krossøy, Sindre Mjelstad, Ingrid Rasmussen Klungland og Stian Børtveit Johannessen.

25.07.2021 Lucas Haugen Haugsvær

Foreldre: Miriam Haugen og Joakim Eikemo Haugsvær

Faddrar: Elin Eikemo, Lars Sandvik og Amanda Haugen Spångberg.

08.08.2021 Birk Bjerre Kvinge

Foreldre: Katrine Sjellanger Kvinge og Jesper Bjerre

Faddrar: Nicklas Hjortgaard Christiansen, Elisbeth Skjelanger Kvinge, Kristian Skjelanger Kvinge og Jens Bjerre

15.08.2021 Maja Eide

Foreldre: Ida Eide og Øyvind Fivelsdal Eide

Faddrar: Ivar Sleire Tenjum, Elida Sleire Tenjum, Mathilde Daae Angeltvet og Maren Eide

15.08.2021 Tiril Eide

Foreldre: Ida Eide og Øyvind Fivelsdal Eide

Faddrar: Nathalie Daae Angeltvet, Hanna Sleire Tenjum, Benjamin Johnsen Eide og Andrine Sleire Tistel

Vigde

21.08.2021 Solveig Grimslund og Tore Trodal

Avlidne

09.06.2021 Alfred Johannes Bjørneklett, f. 1927

08.07.2021 Elsa Kvingedal, f. 1923

15.07.2021 Erling Kvingedal, f. 1927

27.07.2021 Gunnvor Matre, f.1932



BARNAS SIDE

Finn namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

Finn fem feil

De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lazarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 77 00.

Fire fine friluftsgudstenester

I sommar har det vore friluftsgudstenester fleire stader med godt ver og mange frammøtte.

13. mai, på Kristi Himmelfartsdag, var det for første gong gudsteneste ved dagsturhytta i Grøttneset. Den gudstenesta vart omtalt i førre nummer av Masfjorden. Deretter har det vore utegudstenester i juni, juli og august, og alle gongane har vi sett sola og knapt hatt nedbør.

Stemmevatnet

27. juni var det for første gong utegudsteneste ved Stemmevatnet på Solheim der Mari Stusdal vart døypt. Det vart ei god oppleving for både familie, dåpsfølgje og andre frammøtte. Preika handla om å bygga huset sitt på fjell, følgja Jesus og han som fundament i livet. Vibeke Bjørndal Midttun var dagens musikal som spelte gitar til salmane og song ein av sine sjølvskrivne songar. På kyrkjekaffien var det servert gode kaker, kaffi og saft.



Reknesskjerjane

11. juli var det gudsteneste på Reknesskjerjane, slik det har vore fleire gongar før. Der var det ei gruppe frå Nordbygda skulekorps stod for musikk og tonefølgje. Søndagens tekst handla om Sakkeus som klatra i treet og fekk beskjed av Jesus om å koma ned og bli med i det gode fellesskapet. Etter gudstenesta venta sveler og bollar og varm og kald drikke.



Stordalen



I strålende augustsol var det mange glade vandrar i Stordalen som fekk høyra om at Jesus går med oss, han som seier: «Eg er vegen, sanninga og livet». Gudstenesta etter Bjørn West-marsjen var, slik tradisjonen har vore

sidan starten i 2004, ramma inn av konsert og minnemarking. Pianist Frode Skag Storheim og solist Roy Vorland som hadde konsert, stod for det musikalske også på gudstenesta.

For meg som prest har det vore fint å få møta dykk ute ulike stadar i kyrkjekrinsane våre på alle desse fire gudstenestene. Inntrykket er at mange set pris på å møtast til gudsteneste i Guds vakre skaparverk, og i Masfjorden har vi mange flotte stadar å møtast utandørs. Så friluftsgudstenester blir det nok fleire av neste år. Når det no går mot haust, er det igjen tid til å samlast til gudsteneste inne i ei god og varm kyrkje.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto: Eli Eidsnes, Anne Merethe Reknes og Torbjørn Sæle



Grunn til bekymring?

Det kan vera mange ting å vera bekymra for, så dei gamle orda frå Jesus er stadig aktuelle: «Ver ikkje urolege.»

Vi er så vidt i gang med eit nytt semester i skular, barnehagar og arbeidsliv. Idrett, kultur- og ulike fritidstilbod har starta opp igjen etter ferien. I kyrkjene våre er konfirmasjonane rett rundt hjørnet, og neste års konfirmantar er blitt presenterte.

Men framleis har vi koronaspøkelset hengjande over oss. I skrivande stund med dei høgaste smittetala i landet vårt gjennom heile pandemien. Og no som vi endeleg trudde vi skulle koma oss vidare! No når vi har gleda oss til å samlast mange igjen, leva litt meir som normalt. Men korleis vil det bli? Kor mange kan vi samlast? Kor lenge må vi halda ut og halda avstand? Kva om nokre av dei rundt meg vert skikkeleg sjuke? Er det grunn til bekymring?

Vi treng heller ikkje få med oss mange nyheiter, før bekymringane kan komma tett på. Når vi høyrer om ulykker, brannar, flaum og tørke, krig og uro ulike stader.

Mange bekymringar får vi ikkje gjort noko med, men bekymringane kan få gjort ganske mykje med oss.

Og ei bekymring fører sjeldan med seg noko anna enn uro – og gjerne fleire bekymringar.

Jesus oppfordrar til eit anna fokus: «Sjå på fuglane under himmelen», seier han og ber oss løfta blikket opp.

«Sjå på liljene på marka, korleis dei veks», held han fram i Bergpreika.

Sjå kor fine dei er, utan å streva, utan uro, bekymring. For Gud sørgjer for dei. Både fuglane, og liljene, ja, heile skaparverket, og ikkje minst oss menneske.

«Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med.» seier Jesus.

Han snakkar om nokre av dei aller mest grunnleggjande behova våre. For det er jo ofte det som er viktig for oss, som vi òg kan bli bekymra for. Livet vårt og dei rundt oss.

Vi kan ta bekymringane våre med oss til Gud. Komma med dei, enten dei er store eller små. For Jesus vil ikkje at vi skal vera bekymra. Men han vil hjelpa oss midt i den bekymringa vi måtte kjenna på.

«Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg. Ver difor ikkje uroleg for morgondagen.» (Matteus 6,33-34a)

Vi skal FÅ det! Vi skal få ta imot. Utan strev og utan bekymring. Guds velsigning.

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren løfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.
Amen.

Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto: Pixabay

Trusopplæring i kyrkja det neste halve året

Dåpsgåver til dei som er døypt og no bur i Masfjorden. Me sender helsingar for å minna om 1, 2 og 3-årsdagen for dåpen. Me er snart i rute med desse helsingane etter ei tid med etterslep.

Årets firåringar får si eiga kyrkjebok i januar/februar. Då har alle fylt fire år og nokon har kanskje allreie vorte fem år.

Dåpsskulen for femåringar har ikkje vore dei to siste åra. Me vil prøva å starta dette oppatt og gje høve for fleire årskull til å vera med å laga sitt eige dåpsskuleteppe.



Bli med på å utforska klokketårn, symbol og bibelforteljingar i Frøysetkyrkja!




Fyller du 7, 8, eller 9 år i 2020 og bur i Masfjorden treng me deg til å løysa oppdrag og mysterium i kyrkja laurdag 20. og søndag 21. november 2021.



Ti-åringane i Frøyset og Solheim får bibelbok av kyrkjelyden på eiga samling i september. På Sandnes fekk dei den på søndag 29.august.

Lysvåken med overnatting i Sandnes kyrkje vert utpå nyåret.



Ungdomsleir på Fjon fjellkyrkje vert det 29. – 31. oktober for dei som er ferdige med konfirmantåret.

Føl med på heimesida til kyrkja for meir informasjon.

Me minner om at det er berre dei borna som er døypte eller er registrerte trusopplæringsabonnentar som me har høve å senda brev til med invitasjon. Høyrer du til det aktuelle alderstrinnet er du velkommen enten du er døypt eller ikkje.

Dersom du ynskjer informasjon om trusopplæring for born og unge frå kyrkja der du bur, kan du enkelt registrere dette ved å oppgje bornet sitt namn og fødselsdato på «Min Side». Innlogging til «Min side» finn du på kyrkja.no/informasjon. Her finn du òg meir informasjon om kyrkja, trusopplæring og kva moglegheiter du får ved å registrere bornet ditt her.

Helga Ekehaug, trusopplærar

Det glade budskap om prestetenesta i Masfjorden

Prosten i Nordhordland, Helge Tarandrød fortel til Masfjordingen at Torbjørn Sæle har takka ja til å halde fram som fungerande sokneprest i Masfjorden fram til utgangen av 2022.

Prosten er glad for Torbjørn si gode teneste i Masfjorden. Dette sikrar kyrkjelydane stabilitet i prestetenesta.»



Korleis kan me bidra til kvarandre?

Dei velfungerande samfunna er der menneske kjenner seg verdige, opplever likeverd og rettferd. På informasjonsmøtet med konfirmantar og foreldre ein tysdag i august snakka me litt om at mange konfirmantar har funne det gjevande å snakka med dei som bur på sjukeheimen og dela ut vaflar til bygdafolk på den diakonale dagen. Det er ein måte å bidra på. Her kjem det nokre artiklar om andre måtar å bidra på. Alt frå å gje pengar, laga benk, lesa høgt for kvarandre eller vera med på møte. Arbeidsgruppa for frivilligsentralen byr inn til møte 9. september for å få innspel til kva me kan gjera i Masfjorden i tillegg til alt det gode frivillige arbeidet som folk gjer både gjeonnom organisasjonar og privat for kvarandre rundt om i bygdene. Sjå innbyding s. 33.

Helga Ekehaug, diakoni- og undervisningsleiar

Ny kvilebenk på gravplassen på Hosteland

Ein dag tidleg i vår banka det på kontor døra til kyrkjevevja og inn kom Ivar Haukeland. Han fortalde at dei i pensjonistlaget hadde snakka om kvilebenkar rundt om på gravplassane. Dei hadde kome fram til at det var nokon som mangla slike benkar. Så han lurte på om dei kunne bidra med ein benk eller to.

Det er ikkje kvar dag kyrkjevevja får slikt eit godt tilbod, så det takka eg sjølvsagt ja til. Me fann ut at på Hosteland mangla ein slik benk. No er me glade for å fortelja at i juni kom den flotte kvilebenken frå Nordbygda pensjonistlag, laga av nettopp han Ivar, på plass der.



Ivar fortel at når frustrasjonen over å ikkje kunne ha møte i pensjonistlaget gjennom desse korona-tidene, så vart det tid til snekring i staden for. Han har og laga fleire andre benkar rundt om i området, så både turgåarar og badegjester kan finna kvile på ein benk. I sommar har han òg vedlikehalde fleire av dei han har laga tidlegare.

Hjarteleg takk til Nordbygda pensjonistlag og Ivar Haukeland for initiativet og den flotte benken på Hosteland gravplass.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjevevje



Er du fadder og usikker på korleis du kan fylle rolla di?

Å verta spurt om å vera fadder for eit dåpsbarn kjenner me vel som ei stor ære, men det er også eit stort ansvar knytta til den tittelen. Me lovar faktisk å hjelpa til med at barnet skal få læra om den kristne trua barnet vert døypt til, og hjelpa barnet å leva i og praktisera denne trua. Ei slik oppgåve er det godt å få hjelp til. Dåpsklubben Tripp Trapp er ein bokklubb for born frå 0 til 15 år, og har som mål å opna opp for kristen tru og undring. Pakkene inneheld bøker og andre produkt, og er laga for dei ulike aldersgruppene klubben er delt inn i. Den som betaler for medlemskapen bestemmer om pakka skal sendast rett til barnet eller til gjevaren. Nokon likar best å gje pakka sjølv, men andre synest det er fint at barnet får pakka i posten. Og ein fadder bur nok heller ikkje alltid i nærleiken av fadderbarnet sitt. Ein god vane er også å markera dåpsdagen som ein viktig dag, noko denne dåpsklubben kan nyttast til. Det er ingen krav om minstekjøp, men



barnet må vera medlem i minst eitt år. Prisen pr. pakke varierer med innhaldet, vanlegvis rundt 360 kr pluss 59 kr i ekspedisjon og sending. Denne bokklubben er sjølv sagt også fin å bruka for foreldre, besteforeldre eller andre som vil gje gode gaver til eit barn.

Vil du vita meir, gå inn på nettsida til IKO (Institutt for kristen oppseding):

<https://iko.no/tripp-trapp/praktisk-informasjon>:

Tekst: Eldbjørg Mjanger

Ein bestefar fortel om sine erfaringar

– Dåpsklubben er enkel å bruke. Du som fadder eller besteforelder kan bruke materiellet og lese eller synge saman med barnet når du er på besøk. Eg synast rett og slett det er eit veldig flott opplegg, sier Singsaas begeistra.

– Eg trur det regelmessige er viktig. Familiane må finne dei rolige tidene i døgnet. For eksempel om kvelden før barnet skal leggje seg. Då kan ein sitje og snakke saman om korleis dagen har vore. Og i den situasjonen kan ein bruke nokon av bøkene eller songane som ein har fått, gjerne via Dåpsklubben. Truspraksisen til kvardags må tilpassast det ein får til. Det treng ikkje vere så mykje, men noko enkelt som fungerer, avsluttar bestefar og tidlegare biskop Tor Singsaas.

Tekst og foto: Dåpsklubben Tripp trapp

Et livsforlengende møte på Joker

15.6.2021

– Gruppa har betydd alt, sier Richard Karlsen. Et møte på Joker ble redningen for Richards liv, og starten på Kirkens diakonale ressursgruppe i Enebakk.

Tekst og foto: Åshild Moen Arnesen

Historien til Richard og Bjørg begynte for tre år siden. Eller, det vil si, den begynte mye tidligere enn det. Nå er Bjørg pensjonist, men tidligere jobbet hun på lensmannskontoret i Enebakk med namsmannsfunksjon. Det betyr hvis en som skylder penger ikke gjør opp for seg, kan namsmannen tvangsinn drive kravet eller gjennomføre tvangssalg.

–Jeg visste godt fra lennsmannskontoret hvem Bjørg var, for å si det sånn, forteller Richard. Han legger ikke skjul på at han hadde god kjennskap til de ansatte hos politiet. Rus og kriminalitet har preget fortiden hans.

Møte på Joker

En dag for tre år siden ser Richard Bjørg blant hyllene på Jokerbutikken i Kirkebygda i Enebakk.

Rett før dette møtet har Richard fått vite at gjeldsordningen han har vært en del av i snart fem år er opphevet. Ordningen ville gjort at han var gjeldsfri når de fem årene var omme. Nå har det skjedd noe som gjør at han ikke lenger får være en del av ordningen. Det betyr at han plutselig sitter med 2,5 millioner i gjeld igjen. Han har ingen jobb, og han har også akkurat fått avslag på arbeidsavklaringspenger hos NAV. Hjemme har han kone og to barn. Det ser helt mørkt ut. Han bråbestemmer seg: «Bjørg, har du to minutter?»

Det har hun. Richard forteller om situasjonen med gjelden og med NAV. At han ikke vet hva han skal gjøre. Kanskje Bjørg kan hjelpe ham? Hun kan jo dette med penger og gjeldsordninger?

–Jeg sa at han skulle dra hjem og hente papirene mens jeg ventet på Joker, og så skulle jeg se på det, forteller Bjørg.

Bjørg bestemmer seg for å hjelpe Richard med å ta kontakt med de rette instansene for å få ryddet opp i det han sto i.

–Hun hjalp meg med noe jeg ikke ville fått til selv, sier Richard alvorlig.

Med Bjørgs hjelp fikk de på plass en annen gangs gjeldsordning etter omfattende runder i rettsapparatet. Richard blir altså gjeldfri likevel til tross for den tidligere opphevelsen av gjeldsordningen. Han fikk også etter hvert innvilget arbeidsavklaringspenger. En av betingelsene for det, er at man må i tiltaksarbeid. Bjørg, som er både menighetsrådsleder og fellesrådsleder i Enebakk menighet, luftet ideen om at Richard, som var så god med praktiske ting, kanskje kunne jobbet som kirkegårdsarbeider?

–Jeg sa: «Jeg kan godt jobbe i kjerka, jeg!».

Fra sofaen til arbeid

I samarbeid med kirkeverge i Enebakk, Grete Dihle, fikk Richard mulighet til å jobbe litt som kirkegårdsarbeider.

–Det var jo en overgang for ham å komme fra sofaen og ut i fysisk arbeid, sier Dihle.

I begynnelsen ble det bare noen timer om gangen.

-Det så elendig ut for meg som arbeidsgiver, for å være ærlig, innrømmer hun.

Richard fikk tid til å jobbe seg gradvis opp i timeantall. Fra 1. juli i år så er han ikke lenger på tiltak fra NAV, men fast ansatt i 100% som kirkegårdsarbeider.

-Vi har fått en kollega som er en positiv bidragsyter i arbeidsmiljøet, og som gjør et solid stykke arbeid, sier Dihle, og nevner at Richard for eksempel har sammen med et par andre pusset opp kjøkkenet på Mari menighetshus.

Det har ikke vært bare en dans på roser.

-Richard og Grete har måttet samarbeide for å få til å løse problemer underveis, og det har de fått til. Det har vært gøy å følge deg, Richard, sier sokneprest Jostein Tegnér.

-Hjelpen fra Bjørg og de andre i ressursgruppa, og sånn som jeg er blitt mottatt i kirka, har betydd alt. Da jeg møtte Bjørg på Joker, føltes det som om løpet var kjørt. Jeg tror for eksempel veien tilbake til kriminaliteten ville vært kort. Nå er livet mitt på beina igjen, sier Richard, som er ikledd arbeidsklær og en svart genser med påtrykket: «Kirken i Enebakk».

Gruppe med bred erfaringsbakgrunn

Det er flere enn Richard som har behov for hjelp i vanskelige livssituasjoner. Ut fra møtet på Joker vokste det som nå kalles Kirkens diakonale ressursgruppe fram, en gruppe som har som formål å bistå enkeltpersoner med store og sammensatte problemstillinger. Det kan være økonomiske kriser og psykososiale forhold. Ofte har brukerne opplevd sammenfall av uheldige omstendigheter, som for eksempel rusproblematikk og psykisk uhelse. Gruppa har avdekket store mangler i et samfunn som er sentralisert og digitalisert. Hjelpesubpa består av sju frivillige pensjonister og Dihle og Tegnér fra kirkekontoret. Tegnér er veileder for de frivillige.

-Dette er pensjonister som har bred kompetanse, samt tid og vilje til å hjelpe de som trenger det mest. Blant de frivillige finnes det blant annet en tidligere sosiallærer, tidligere avdelingsleder ved rådmannens kontor, tidligere lensmann, tidligere ligningssjef og barnevernspedagog, forteller Bjørg.

Den unike sammensetningen av kompetanse gjør at gruppa kan hjelpe bredt.

-De som trenger hjelp av gruppa kommer ikke akkurat løpende, men Richard rekrutterer jo en del. Han sier «Ta en prat med Bjørg...», forteller Dihle.

Personer tar også kontakt med gruppa etter at de har fått tips fra fastlegen sin om at den finnes.

Dihle regner med at de har hjulpet omkring 35 personer de siste tre årene. Det er flest menn i alderen 20-50 år som søker hjelp hos gruppa.

-Det er en av vår tids største tabuer, å ikke ha kontroll over økonomien. Mange vi hjelper, har ikke engang fortalt samboeren sin hvor ille det står til, sier Bjørg.

Nestekjærlighet i praksis

Personene som tar kontakt trenger hjelp til å få overblikk over situasjonen sin, og til å finne ulike hjelpetiltak. Vel så viktig er det å tilby en hånd å holde i, og å være en som kan bli med til de ulike instansene hos lege eller saksbehandler der det trengs.

-Opplevelsen av at noen ser meg og lytter til meg, er også en nøkkel her, sier Bjørg, som forteller at hun for eksempel har sittet lenge i telefonkø for brukere, som sier selv de ville lagt på for lenge siden. For mange er det svært krevende å manøvrere i lovverk, søknader og telefonkøer. Regninger blir liggende uåpnet. Det blir en ond spiral det kan være vanskelig å komme ut av.

Da er veien kort til resignasjon. Når en person tar kontakt, har to fra gruppa en inntakssamtale med vedkommende, og så bestemmer de videre derfra hvem i gruppa som kan hjelpe personen best. Fordi

medlemmene i gruppa er med på frivillig basis, er det helt essensielt med godt samarbeid med brukeren.


-Vi er ganske tydelige på det. Når vi har samtaler, sier vi at vi skal prøve å hjelpe, men da må også personen følge opp det vi blir enige om. Det er klart at det er en balansegang her, fordi dette er ofte personer som har opplevd at folk og systemer har sviktet før. Det skal mye til før vi setter ned foten, sier Bjørg.

-Ja, dette er jo kampen for rettferdighet for dem som ikke kan kjempe selv, sier Dihle.

Gruppa har godt samarbeid med kommunen, og gruppa har en bred flate med samarbeidspartnere som NAV, BUP/ psykiatri, namsmannen, politiet, advokater og kriminalomsorgen, for å nevne noen. En av kommunens fastleger er konsulent for gruppa.

-Dette er jo kirken på sitt beste, sier sokneprest Tegnér.

-Det er forkynnelse uten ord. Hjelpen er genuin, og det er ikke noen baktanker med den. Det er omsorg og omtanke, nestekjærlighet i praksis. «Er ikke det budskapet til kjerka, da?», pleier ordføreren å si, sier Tegnér.



Både Bjørg og Richard er takknemlige for resultatet av møtet som oppstod på Joker for tre år siden. Her er kjøkkenet han har vært med på å pusse opp i Mari menighetshus.

Denne teksten er henta frå Kirkens nødhjelp:

Kjære menighet, KN-kontakter og støttespillere



Visste du at Kirkens Nødhjelp har ca. 30 000 faste givere som hver måned er med å sørge for forutsigbarhet i det store arbeidet vi gjør? I 2020 var inntektene fra våre faste givere viktig for å kunne starte en omfattende Covid-19-repons, bistå etter eksplosjonen i Beirut, og hjelpe flyktninger fra Etiopia i Sudan.

Derfor har Kirkens Nødhjelp gjennom hele året noen nøye utvalgte ververe av faste givere som ringer på dører og står på gaten over hele landet, så lenge smittesituasjonen tillater det. Disse er godt opplært i vår organisasjon og vårt arbeid, og de har et spesielt fokus på vannarbeidet til KN.

På bildet ser dere et eksempel på hvordan to av våre ververe ser ut. De er utstyrt med svarte jakker med KN-logo, lilla KN-tskjorter og



munnbind, i tillegg til ID-kort og nettbrett. Ta de godt imot dersom møter noen på gaten. Kanskje du vil bli fast giver selv?

Rekruttering av faste givere er svært viktig for forutsigbarhet i arbeidet vårt, og for at vi skal kunne rykke ut med livsviktig nødhjelp i humanitære katastrofer. - Dagfinn Høybråten, Generalsekretær i Kirkens Nødhjelp.

Veldig fint at dere fortsatt samler inn penger slik som situasjonen er nå. Jeg må få si at han som var innom oss var utrolig hyggelig, og kunne det han pratet om, og han passet hele tiden på smittevern. – Anonym, nylig vervet giver.

Min salme av Torill Torsvik

Salme nr. 489 – Blott en dag

Tekst: Lina Sandell, 1865/1872,

Melodi: Oscar Ahnfeldt, 1872

Blott en dag (sv.)

1. Blott en dag, ett ögonblick i sänder,
vilken tröst vad än som kommer på!
Allt ju vilar i min Faders händer
skulle jag, som barn väl ängslas då?
Han som bär för mig en faders hjärta,
giver ju åt varje nyfödd dag
dess beskärda del av fröjd och smärta,
möda, vila och behag.

2. Själv han är mig alla dagar nära,
för var särskild tid med särskild nåd.
Varje dags bekymmer vill han bära,
han som heter både Kraft och Råd.
Att sin dyra egendom bevara,
denna omsorg har han lagt på sig.
Som din dag, så skall din kraft ock vara,
detta löfte gav han mig.



3. Hjälp mig då att vila tryggt och stilla
blott vid dina löften, Herre kär,
ej min tro och ej den tröst förspilla,
som i ordet mig förvarad är.
Hjälp mig, Herre, att vad helst mig händer,
taga ur din trogna fadershand
blott en dag, ett ögonblick i sänder
tills jag nått det goda land.

Det finst mange flotte salmar. Men skal eg velje ein, så må det bli denne. «Blott en dag», er ein svensk salme skrive i 1865 av Lina (Carolina) Sandell og tonesatt av Oscar Ahnfeldt i 1872. For meg skildrar den mest at nuet, augneblinken og opplevinga her og no, som ein må nyte, og vere i. Augneblinka går forbi, ein etter ein, som til slutt vert livet. Det er òg betre å ta ein dag om gongen, enn å bekymre seg for alt det ukjende; «kvar ein dag», som den heiter på nynorsk.

Melodien er den som har fanga mi interesse mest, og som eg sjølv nyt både å spele, synge og lytte til. Likevel, melodi og tekst forsterkar kvarandre, og heng naturleg saman. Salmen er like flott på svensk, som på norsk (både bokmål og nynorsk), som på engelsk, synes eg.

I Noreg og Sverige er salmen mykje nytta i gravferder, men eg tenkjer den kan nyttast i mange fleire samanhengar. Den gjev ro, framtidshåp og optimisme, utover den trøst den formidlar. Salmen «emigrerte til USA» og fekk rotteste der etter at Andrew Skoog omsette den til engelsk. Eg song nok denne ei rekkje gongar då eg budde der eit års tid på midten av åtti-talet.

For meg fekk salmen ein renessanse då eg sjølv spelte den med Flora Bremanger Brass Band for 3-4 år sidan, der flygelhornsolisten gav meg ei musikalsk «augneblikkoppleving» av dei sjeldne. Ho spelte så vakkert. Det var på ei heilt vanleg øving, og noko eg aldri vil gløyme. Salmen har òg dei siste åra vore spelt inn av fleire kjende og kjære artistar, som Sondre Bratland, Bjarne Brøndbo og Herborg Kråkevik. «Blott ein dag» vart derfor eit heilt naturleg avslutningsnummer på ønskekonserter eg hadde på 50-års dagen min for 3 år sidan, saman med Fjon musikklag, Nordbygda skulekorps og Flora Bremanger Brass Band. For meg, ein særdeles flott augneblink!

Konfirmasjonar i Mafjorden hausten 2021

Sandnes kyrkje

Laurdag 11. september klokka 12:00

Andreas Nordland
Markus Langfjell Lilletvedt
Thea-Madelen Hope
Åshild Andvik

Solheim kyrkje

Søndag 12. september klokka 11:00

Marius Haugsvær
Nikola Jåstad
Sofia Bezerra Oppedal

Frøyset kyrkje

Søndag 26. september klokka 10:30

Kim Daniel Haukeland
Nicholas Fitje Turner
Sindre Leander Haveland-Næss

Frøyset kyrkje

Søndag 26. september klokka 12:15

Daniel Fanebust
Isak Dingen Johansen
Natalie Rambjørg Myklebust
Damian Pedersen de Jong

Det vil vera nokre ledige plassar for kyrkjelyden å feira gudsteneste saman med konfirmantane.

Det handlar om å bry seg

Dette sitatet er henta frå preika sokneprest Torbjørn Sæle heldt på presentasjonsgudstenestene for dei nye konfirmantane den 29. august. Utgangspunktet for preika var likninga om den miskunnsame samaritanen, og innhaldet i denne likninga vart både lese, dramatisert og tala over. Konklusjonen var den som alt er sitert: Det handlar om å bry seg, og det er noko vi alle kan gjere – litt ulikt alt etter kven vi er og kva situasjon vi står oppe i.

Gudstenesta vart innleia med at dei nye konfirmantane – **desse skal konfirmerast hausten 2022** – kom i prosesjon, anført av undervisningsleiar Helga Ekehaug, og med Torbjørn Sæle som

ankermann. Etter at dei hadde runda alteret, sette dei nye konfirmantane seg framme i kyrkja. Derfrå vart dei kalla opp ein etter ein, og fekk utlevert boka om Kristuskransen, som er grunnboka i konfirmasjonsundervisninga dei skal få. Helga ga ei kort innføring i nokre av symbola i denne kransen, og avslutta presentasjonen med å be alle frammøtte som brydde seg om dei unge som stod framme i koret, om å rekke ei hand i været. Ikkje uventa var det svært mange hender som kom opp, og konfirmantane fekk eit synleg bevis på at det er mange menneske i bygda som bryr seg om dei, og som dei kan bry seg om.

For når alt kjem til alt – det handlar om å bry seg. Ove Danielsen stod for tonefylget til salmesongen, og bidrog med vakker song som postludium.

Tekst Rune Garmann

*Frøyset kyrkje:
Nathaniel Pedersen de Jong
Joacim Birkeland Hjartholm
Kaspar Andreas Reknes Larsen
Solveig Neverdal Daae
Ben Jonas Larsen Andersen
Tiril Sleire-Gjerde
Emil Andreas Haukeland
Guro Reknes Molland
Håvard Areklett
Ådne Holmaas, var ikkje til stades.*





Solheim kyrkje:

Bak frå venstre: Alma Sofie Solheim Sandvik,
Eli Dahle, Ingrid Hope Aga, Lena Marie Haugsvær
Simen Hjartholm Langhelle

F.v: Markus Fjelldal, Peder Kornelius Oppedal,
Sara Isabell Heimdal, Sunniva Vågseth



Sandnes kyrkje:

Ken Henrik Kvingedal

Foto i Frøyset kyrkje: Hanne-Marit Neverdal

Foto i Solheim kyrkje: Maja Aven Dahle

Foto i Sandnes kyrkje: Gunnar Andvik

Sommarvikarane

Me ynskjer å rette ein takk til sommarvikarane som har hjelpt oss i Kyrkja i Masfjorden i sommar.



Jonas Solheim Haugvær har hjelpt til med slåttarbeidet, slik at kyrkjegardsarbeidaren fekk seg nokre ferieveker. Det er mykje arbeid for å halda gravplassane fine og nystelte, så me er glade for jobben Jonas har gjort i sommar.

Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn er eit kjent ansikt for mange i Masfjorden etter at ho var prest her tidlegare. No er ho tilbake i Norge etter eit ei tid som prest i sjømannskyrkja i Spania. I sommar tok ho turen frå Knarvik kyrkje, der ho no jobbar, til Masfjorden. Ho hadde gudstenester både i Solheim og Sandnes kyrkje.

I Frøyset kyrkje var det òg ei kjent dame for mange, som hadde vikar teneste. Teologistudenten

Kristine Bleikli var forrettande prest ein søndag i august. Ho fekk æra av å døype tvillinger. Ho har vore i Masfjorden sokn, både som kyrkjeevjerje og prestevikar. Så kjekt å ha ho på besøk att!


Me takkar alle tre for hjelpa og ynskjer velkomen tilbake ved eit seinare høve.

Tekst og foto: Eli Eids



Denne dagen vart to born borne til dåpen: Tvillingsystrene Maja og Tiril Eide. Biletet over syner systrene på armen til mamma og pappa, og med stolte storebrødre Tarjei og Vetle som tilskodarar.

Foto: Rune Garman



Ei vakker og verdig markering

Tiårsminnet for terroraksjonane i regjeringskvartalet og på Utøya vart hos oss markert på Sandnes. Det var fyrst ei samling i Sandnes kyrkje, før dei som var til stades gjekk ned til Storeskjeret, der det vart lagt ned ein krans på Masfjorden kommune sin tusenårsstad, sjølve fjorden.

Samlinga i kyrkja vart innleia klokka 12 med klokkeringing – 77 slag, eitt for kvar av dei avlidne. Deretter song John Martin Skauge, som for øvrig også sytte for tonefyllgje til allsongen, «Mitt lille land». Dette er ein song som Ole Paus skreiv i 1994, men som vart mykje nytta i tida

etter terroraksjonen 22. juli. I ettertid er songen blitt knytt til markeringane etter denne hendinga.

Ordførar Karstein Totland ynskte velkomen og helste på vegne av Masfjorden Høgre. Ved å referere til diktet «Til ungdommen» av Nordahl Grieg gjorde høgremannen Karstein det klart at det å minnast hendingane for ti år sidan og å tale imot tankane som desse sprang ut av, er ei oppgåve vi alle måp ta del i, uavhengig av politisk ståstad.

Det tverrpolitiske samhaldet i denne samanhengen vart markert ved at politiske parti i kommunestyret bidrog med sine helsingar.





Lillian Andvik helste på vegne av Masfjorden KrF, og i innlegget sitt la ho stor vekt på kor viktig samhandl er, og at vi må sjå til at dei som kjem etter oss får god informasjon om hendingane 22. juli og tankegodset dei bygde på.

Jostein Duesund helste på vegne av Masfjorden FrP. Han delte eigne minne frå dagen, og konkluderte med at det er viktig at vi må motarbeide radikalisering, tek til motmæle når folk deler tabkegoods som kan bidra til slikt.

Alf Strand helste på Vegne av Masfjorden Venstre. Også han tok utgangspunkt i eit dikt av Nordahl Grieg, «9. april». Dette diktet handlar om dei som fall, og Alf sitt fokus var på at det er opp til oss som lever å syte for at desse ikkje miste liva sine forgjeves.

Til sist helste Torill Torsvik Størkersen på vegne av Masfjorden Arbeidarparti. Hennar fokus var på vern av ytringsfridommen. Den må vi alle stå

opp for, og vi må ta til motmæle når vi ser at den er under press. Ho drog også fram eit viktig moment då ho nemnte eit ann ord: ytringsansvar. Vi må vere fri til å meine og seie det vi vil, men vi må samstundes ta ansvar for det vi ytrar.

Seremonien i kyrkja var avslutta med at dei frammøtte gjekk ned til slippet ved Storeskjeret, til ein enkel seremoni der namna på dei som vart drepne i regjeringskvartalet og på Utøya vart lesne opp. Det var svært gripande å stå og høyre namn, alder og heimstadkommune til desse. Deretter vart ein krans med 77 roser kasta på fjorden av ordføraren, og vi kunne sjå kransen verte ført av garde med vinden.

Då seremonien var over, var det mange som gav uttrykk for at det hadde vore ei vakker og verdig markering.

Tekst og foto: Rune Garmann

Eit lite etterskrift

Som leiar av Masfjorden sokneråd er eg glad og takksam for at ein valde å nytte Sandnes kyrkje til å halde fyrste delen av minnemarkeringa etter 22. juli.

Eg synest det er viktig at vi alle kan oppleve kyrkja som ein naturleg stad å samlast når ein har behov for dette. På den måten vert kyrkja ein stad der ein kan kjenne seg velkomen anten ein oppfattar seg sjølv som eit truande menneske eller ikkje.

Og velkomen er kvar og ein.

Rune Garmann

leiar, Masfjorden sokneråd

Bading i Grunnevik

Fredag ettermiddag 27. august samla MOT saman 30 positive, kjekke og spreke ungdommar frå 8. -10.klasse i kommunen til sosialt samvær i Grunnevik. Bading, padling i kano og grillings blei ein innertiar! Dette freistar for gjentaking til våren!

Tekst: Merethe Engelsen



Barnehagen på tur til dagsturhytta

Tysdag 15.juni var det tid for Sandnes barnehage, avdeling Nordavind, å besøkje Fjordblikk - Dagsturhytta. Med barn i alderen 2 til 6 år var det fleire som hadde vore på hytta før. Men det var stor stas å få oppleve turen saman, det var tydeleg.

Otto Kvingedal køyrde oss i maxitaxi til Kvingebakken og for nokon var dette turen sitt høgdepunkt.

Frå parkeringsplassen til Dagsturhytta gjekk turen fort unna og det var imponerende å sjå motivasjonen, samarbeidet og samholdet i barnegruppa.

Etter lunsj og lesestund i hytta var det tid for oppdaging i fjøra og særskilt krabbar i ulike størrelsar og fargar fann vi mykje av. Vi brukte tida godt til både leik og felles oppdaging og ikkje minst utedoen gjorde inntrykk. Både utforming og lukt var nytt for fleire og reaksjonane også ulike. For nokon var utedoen supergøy, for andre vart den hakket for spennande.

Vêret skifta mellom vindstille og vind – overskya og sol, innimellom fekk vi også helse på knotten.

På retur til Kvingebakken gjekk vi gjennom Skarhellerdalen og den fine stien gjennom skogen gav oss skikkeleg eventyrstemning.

Tekst og foto: Åshild Skuggedal





Bente Kvamsdal Håvåg heidra med kulturpris

Bente Kvamsdal Håvåg fekk tildelt Masfjorden kommune sin kulturpris for 2021. Ordførar Karstein Totland stod for overrekkinga under Tine fotballskule på Hosteland i helga. Det var ein svært overraska og rørt vinnar som tok imot prisen.

Det er Masfjorden formannskap som kvart år vel ut prisvinnar basert på innkomne framlegg. I tildelingsteksten står det:

«Vinnaren av Masfjorden kommune sin kulturpris for 2021 er ein person som heile sitt vaksne liv har lagt ned ein uvurderleg innsats i arbeidet for born og unge i kommunen. Vinnaren har vore og er ein bauta innanfor arbeidet i frivillige lag og organisasjonar.

Vinnaren starta si karriere i Masfjord fotballag som spelar i den aldersbestemte fotballen. Sidan vart det som trenar, tilretteleggjar av aktivitetar og turneringar og som styremedlem i laget der prisvinnaren har vore med på å gjera Masfjord Fotballag til det det er i dag. Skal det lagast til

turneringar, køyrast, gjerast dugnadsarbeid er prisvinnaren alltid der. Prisvinnaren hadde og ansvaret for oppfølging av bygging av ny kunstgrasbane i kommunen.

I idrettslaget har prisvinnaren gjennom mange år vore gruppe- og styremedlem. Vinnaren har tatt ansvar når det skal organiserast aktivitetar, køyring eller dugnad i laget. Vinnaren har vore med på alle typar aktivitetar i idrettslaget og har gjennom sitt arbeid i styret vore med på å halda oppe den høge aktiviteten laget har i dag.

Utanom idretten har årets prisvinnar vore engasjert i det frivillige arbeidet i nærområdet. I det lokale 4H-laget har sjøløst årets vinnar tatt sin tårn som foreldrerettleiar. Vinnaren har vore ein pådrivar for bygging av nærmiljøanlegg i sitt nærområde.

Her er eit lite døme som viser kva for ein person vinnaren er: Når prisvinnaren etter mange år i styret i idrettslaget omsider trekte seg tok vinnaren på seg ein jobb i valnemnda for det komande året. Det viste seg å vera vanskeleg å få tak i nok medlemmer til gruppene i

laget så vinnaren nominerte seg sjølv inn att.

Årets vinnar er ein av dei personane som gjer at me kan halda oppe alle dei organiserte aktivitetane me har for born

og unge i kommunen. Ein entusiast og pådrivar av dei sjeldne.»

Masfjorden kommune gratulerer Bente Kvamsdal Håvåg med kulturprisen for 2021.

Tekst og foto: Masfjorden kommune

RIT

Onsdag 29. september kl 19 kan du oppleve Olav H. Hauge si diktning på ein ny måte gjennom resitasjon, forteljing og song.

Tittelen RIT er inspirert av eit dikt av same namn i Hauge si fjerde diktsamling.

Før sjølve framsyninga tek til vil Katherine J. Hanson ha eit innleiande føredrag om Olav H. Hauge sine dikt. Ho var den fyrste som tok doktorgrad på lyrikken hans og har vitja han fleire gonger i Ulvik. Katherine er frå Seattle i

USA, men snakkar flytande norsk og ho er omtalt fleire gonger i Hauge sine dagbøker.

Medverkande er Reidun Horvei, Katherine J. Hanson og Inger-Kristine Riber. Framsyninga er på Sandneskaféen.

Bill kr 200/ under 16 år gratis.
Arr. Masfjorden kommune



RIT - lanseringsturné
Prof. Katherine J. Hanson, innleiing
Reidun Horvei, song/oppleing
Inger-Kristine Riber, piano

SANDNESKAFEEN, Masfjordnes
Onsdag 29. september kl 19:00

billetter og full turnéliste
www.onen.studio



Nordbygda pensjonistlag ser tilbake på over 40 aktive år

27.april 1980 vart skipningsmøte halde på Nordbygda skule. Dåverande sosialsjef fortalde dei 30 frammøtte pensjonistane at eit slikt lag ville gagna dei eldre.

Martinus Daae Børnes vart valt til leiar og med seg i styret var Arne Areklett, Martin Haugsdal, Torbjørg Wergeland og Sigrid Molland.

Bussturane som laget var flink å få til var svært populære. I møtebøkene til laget kan ein lesa om 3 til 4 dagars turar med over 40 pensjonistar. Ein del år var det vanleg med ein dagstur om våren og ein lengre tur på ettersommaren. Frå kommunen vart det gjeve tilskot til tur slik at eigendelen var overkommeleg.

Gjennom desse 40 åra har ein månadlege samlingar i vinterhalvåret vore eit fast innslag. På desse møta vart ymse tema belyst og mat, kaffi og åresal var faste møterutinar.

Medlemstalet i laget har svinga ein del og dei siste åra har interessa for fellesturar vore dalande. Dette har vorte ordna med å reisa på tur med andre lag.

På årsmøtet i 2020 blei det valt ei eiga turnemnd som skulle planleggja turar. Ein månad seinare stoppa korona-pandmien alle reiseplanane til no. Å feira laget sine 40 år i 2020, måtte òg gå ut.

Som den 13. leiaren i laget, er det interessant å sjå korleis lagsarbeidet har vore, men det er vel så viktig å tenkja framover. Den digitale utviklinga gjev moglegheiter for dei som klarer å følgja med, men avgrensingar om ein ikkje evnar det nye.

Laget må ha fokus på at alle kan vera med. I kommunen sine tal, finn ein at det er 192 personar over 65 år i Nordbygda, av dei er 66 medlemmer i laget vårt. At ikkje fleire er med trur eg skuldast at mange yrkesgrupper har eigne pensjonistlag. Som «gamal» postmann er eg passiv medlem i postpensjonistlag, men aktiv medlem i Nordbygda pensjonistlag. Anten ein er aktiv eller passiv medlem er ein med å styrkja laget.

I min alder er det nærmiljøet og sambygdingane som betyr mest og eg vonar mange følgjer meg i denne tankegangen. Laget treng også nye medlemmer, og som leiar i jubileumsåret, trur eg dei vil ha glede av eit medlemskap. Håpar me snakkast om innmelding.

Etter å ha opplevd nedstengingsåret, er det vanskeleg å spå framtida.

6. september samlast mange medlemmer i Stordalen fjellstove og feirer laget sine 40 år. Kanskje kjem det og tankar for dei komande åra?

Ivar Haukeland



Norbygda pensjonistlag på tur til Trondheim i 1998



Eldredagen i Masfjorden

- den internasjonale eldredagen

**Fest for alle pensjonistar
på Nordbygda samfunnshus
fredag 1. oktober 2021 kl. 13.15**

(Ferje frå Masfjordnes kl. 12.40)

Variert program og tid til å snakkast

Utdeling av Eldreprisen

Allsong

Festleiar Ivar Haukeland

Middag m/dessert, kaffi og kaker

Kr. 200,- pr. pers.

*Alle er hjarteleg
velkomne!*

Påmelding innan 23. september til:

Inger Jåstad: Tlf. 959 95 024

Lovisa Midtbø: Tlf. 950 82 322

Ivar Haukeland: Tlf. 481 15 031



Arr. Masfjorden eldreråd


Kulturlivet vaknar til liv igjen

Etter mange rolege månader utan dei store hendingane, er det igjen stor aktivitet på kulturfronten. Her er nokre glimt frå arrangement i august.

Kunstutstilling i Fargeriet og kulturprogram

Elin Alver sto for sommarutstillinga i Kvamsdals fargeriet. Ho har arbeidd som kunsthåndverkar i meir enn 30 år og i utstillinga var det tekstilar, billedvev, filterbeid, smykke, materialbilete og steinmosaikk. Ho stilte også ut eit utval akvarellar. I utstillinga var det og ei imponerende steinsamling. Denne besto av særeigne mineraler som ho har funne her i distriktet.

Dette var ei verkeleg fargerik og flott utstilling som kledde det gamle tørkeloftet i Fargeriet.





Utstillinga vart avslutta 21. august med kulturprogram der Inge Alver på engasjerande vis tok publikum med tilbake til antikken og drog linjer til vår tid. Anne Hvidsten og Henning Hodne Mjanger sto for vakre musikkinnslag.

Konsert i Nothuset

Anne Hvidsten og band inviterte seinare på kvelden til konsert i nothuset og sørge for å skapa ei stemningsfull og vakker stund i det særeigne konsertlokalet.



Haustutstilling i Kvamsdals fargereri; “The red List” og “Mind and Body”



Den siste laurdagen i august kunne ein ønska velkommen til det som skal vera haustutstillinga i Kvamsdals fargereri. Men ute var det sol og varmt i ein sommar som ikkje ser ut til å ta slutt, så ein kom til at utstillinga heller måtte kallast «den andre sommarutstillinga i år».

Utstillar er Vibeke Floridon Nordtømme. Ho er frå Trøndelag, no busett i Brekke der ho arbeider som lærar. Ho underviser også i kulturskulane i Gulen og Masfjorden.

I utstillinga har ho laga vakre og stilfulle akvarellar av utrydningstrua dyreartar. - Desse vakre artane risikerer å forsvinna. Tusentals er trua med utrydding akkurat no, mange på grunn av menneskeleg aktivitet, sa ho då ho presenterte utstillinga.- Tenk på kva påverknad me menneska kan ha til å beskytta dei. Me kan forhindra at dei døyr ut. Me kan søka kunnskap. Me kan gjera levevilkåra deira betre. Me kan eksistera saman med dei.



*Vibeke F. Nordtømme og Q-Rang(til høgre)
i samtale med gjestar under opninga*



Jon Martin Skaug framførte vakre viser under opningsmarkeringa. To av visene var heilt nylaga.

I september vil mellomtrinnslevane i kommunen få tilbod om å besøkja utstillinga.


I tillegg til fokus på utrydningstrua dyreartar vil Vibeke læra elevane litt om det å laga akvarellar.

Utstillinga på fargeriet er open søndagar kl 14-17 fram til søndag 19.september, og elles etter avtale.

Tlf. 56 16 62 00.

På kaféen kan du sjå kunstverka i kaféen sine opningstider.

Parallelt med utstillinga i fargeriet kan ein på Sandneskaféen sjå kraftfulle og fargesterke bilete som venninna til Vibeke har laga. Ho heiter Q-Rang og er frå Seoul i Sør-Korea. Det siste året har ho arbeidd som grafisk designar i Berlin.





“Sommarnatt ved fjorden” på Solheim

Kvelden før Bjørn West-marsjen var det invitert til «Sommarnatt ved fjorden» i Solheim kyrkje med pianist Rune Alver og fløytist Amalie Duesund som vertskap og utøvarar.

Rune har lang fartstid som pianist og sidan debuten som 20-åring har han halde konsertar i store delar av verda og spelt inn ei rekkje cd-ar. Amalie Hvidsten Duesund er ein ung, fremadstormande fløytist frå Alversund, no busett i Oslo der ho studerer ved Norges Musikkhøgskole. Men som namnet fortel har ho røtene sine i Masfjorden.

Konserten starta med ei nydeleg framføring av Kjetil Bjørnstad sin «Sommernatt ved fjorden», og tonane la ei vakker ramme rundt den fine sommarkvelden. Amalie fulgte opp med å bryta ned myten om at klassiske konsertar berre er seriøse, «stive» og «kjedelege». Resten av konserten vart eit glimrande døme på korleis avstanden mellom utøvar og publikum kan gjerast kort og god i ein varm atmosfære.

Informative introduksjonar, anekdotar og humør gjorde konserten både lærerik og triveleg for publikum.

I konserten fekk ein høyra verk av Camille Saint-Saëns, Wolfgang Amadeus Mozart, Frédéric Chopin, Signe Lund og Niccolò Paganini, før det heile vart avrunda med «Hyllest til kjærligheten» av Edward Elgar.

- Dette vart ei fantastisk flott stund, seier Åse Marit Kalhovd. Ho var ein av dei kring 40 tilhøyrarane som hadde funne vegen til kyrkja denne kvelden.- Det var fint å oppleve ein slik variert konsert framført av to særskild dyktige utøvarar. Det var også spesielt fint og svært interessant at muskarane fortalde historiar rundt musikken og opphavet til musikken dei framførte.

-Eg ser fram til fleire slike konsertar, avsluttar ho.



Dire Straits på Sandneskaféen

For vel to år sidan fekk kaféverten bygd ei scene på uteområdet til Sandneskaféen. Fleire utekonserter har vore annonsert, men har måtte flytta innandørs på grunn av veret.

Men laurdag 28. august kunne draumen endeleg oppfyllest då vakre Dire Straits-tonar frå dyktige musikarar i «What it is?» strøymde ut over kafé-uteområdet som var befolka til siste sete.



Scene, stola og sola ventar på besøk



Kick-off for fotball-sesongen med klubbdag på Hosteland



Sist laurdag sparka Masfjord fotballlag i gang sesongen med klubbdag i strålende sol. Oppmøtet av yngre og eldre fotballspelarar var godt. Klubbdagen markerte serieopning med seniorkamp mellom Masfjord/ Gulen og Lindås. I tillegg spelte Jenter 14 seriekamp og Jenter 12 og Gutar 12 spelte kamp mot kvarandre. I mellom slaga kunne ein vera med på triksekonkurranse og tippekonkurranse, eller kjøpa seg godsaker i kiosken. Macron hadde utstilling av kleskolleksjon til Masfjord fotballag.

Fotballspelarar, unge og vaksne, ser fram til ny, inspirerende sesong.



Bjørn West-marsjen 2021 - Fantastisk i fjellet



Sundag 22. august vart den 39. Bjørn West-marsjen gjennomført i strålende vær. Kanskje har marsjen aldri blitt arrangert under så flotte værtilhøve og med så tørre tilhøve langs traseen. Som vanleg var det tilbod om både lang og kort løype.

Også i år var det restiksjonar på tal deltakarar på grunn av korona, men arrangementet vart gjennomført på ein trygg og god måte.

Tilsaman gjekk 260 den lange marsjen. Dette inkluderer militært personell som deltok i Fredrik Kaysers minneløp og Nordhordland Røde kors - som var med som arrangør. På den korte var det totalt 175 deltakarar.

Til saman gjennomførte 435 personar Bjørn West-marsjen, det er me godt nøgde med under koronaregime. Samtlege åtte som hadde gått alle 38 føregåande marsjar - gjennomførte også den 39' de.

Med stålende sol og god temperatur var det lite å klage på ute i løypa. Steminga var god og raude krossen kunne rapportera at det ikkje hadde vore hendingar av noko slag. Marsjen er også ei markering for å minnast dei som ikkje kom heim til sine etter 8. mai. Dette var m.a tilfelle for seks Bjørn West-veteranar samt 76-år gamle Torgeir Stordal.

Ved Stordalen fjellstove var det som vanleg høgtidleg program. Det var flott utekonsert Frode Skag Storheim (piano) og Roy Vorland (sang). Friluftsgudstensta vart leia av Torbjørn Sæle.

I år hadde sjef Heimevernet, Generalmajor Elisabeth Michelsen tatt turen over fjellet. Ho gjekk den lange marsjen og fekk her fortløpande guiding av Geir Hitland og Arnold Matre. Michelsen la ned krans ved minnesteinen. Ho heldt ein sterk og verdig minnetale som mange sette pris på. Me trur turen gjennom Bjørn West-fjella hadde gjort inntrykk. Takk. Den 100-årige Bjørn West-veteranen Ivar Kristoffersen kom rett frå Oslo og regjeringa si minnemarkering for veteranar og krigsseilarar frå andre verdskrig. Sterkt å ha med oss tidsvitne frå dei dramatiske hendingane her inn vinter og vår 1945.

I år vart militærløpet Fredrik Kaysers minneløp arrangert fro 4. gong - og med god deltaking. For første gong måtte innsatsstyrke Bjørn West så vidt sjå seg slått.

Eit vel gjennomført arrangement og takk til alle som hjelpte til og ikkje minst alle som gjekk marsjen eller møtte opp i Stordalen.

Ein stor takk også til folka på Stordalen Fjellstove som er vertskap og med på å leggja til rette for arrangementet i Stordalen denne dagen.

Takk for i år og velkomen attende 21. august 2022.

Tekst og foto: Bjørn West-marsjen



Eit (ikkje så reint lite) eventyr i seinsommarkvelden



Foto Rune Garmann

-Ditta e heilt vilt, seier frontfigur Øyvind Staveland idet Vamp entrar scena og ser utover alle som har møtt opp til konserten. -Då me køyrde innover her såg me nesten ikkje eit einaste hus, og så er det ditta så møte oss!

Seinsommar og sol. Tonar frå store Vamp breier seg ut over vesle Kvingo og eit talrikt og lyttande

publikum. Kjende og meir ukjende tonar, gamle og nye tonar, rolege og røffe tonar. Eit sveip gjennom 30 år som landets fremste eksponentar for popularisering og vidareføring av folkemusikk kombinert med viser og rock. Norske og keltiske tonar, latinamerikanske rytmar, og poesi frå øverste hylle.





Foto Rune Garmann

Kveldssola lyser mot andleta til dei som høyrer på, og gir varme i kinna. Det er fint å vera her. Og Vamp syng om dei finaste ting:

*Den finaste mårenen e den så vente
og eg e der lenge før eg e heilt nødt
Eg står opp med solå og ser at hu hente
ein ny dag og sett an på gløtt*

*Den finaste dagen e den så lar vær
å bestemma, men løfte meg opp og gir fart
Då sveve eg fint, eg kan se og glømma
og velge meg kvitt framfor svart*

*Så takk ska du ha, kjære gud
eller kim du nå va?
Du så fant opp dei finaste ting*

Takk til Vamp for ei sjeldan
fin konsertoppleving.

Takk til dei som er modige og syter for
å leggja til rette for slike unike
konsertopplevingar i vår vesle kommune
og

takk for at masfjordingar og andre veit
å kjenna si besøkstid når slikt skjer, og saman
kan oppleve dei finaste ting.



Sol over Månemannen

Det var nesten så ein måtte klype seg i armen: Vamp-konsert på Kvingo den 25. august, kunne det stemme? Det gjorde det, og då tidspunktet for konserten nærma seg, var det tydeleg at mange hadde funne ut akkurat det. Det var lagt ut 400 billetter, og det kunne sjå ut som alle billettane var blitt selde.

Men dette var likevel ikkje ein konsert prega av trengsel. Det var sitjeplassar til alle, og koronakorrekt avstand mellom stolane.

På plassen nedom butikken på Kvingo var det laga til ein scene, og presis kl.19:00 entra Vamp podiet. Dei innleia med songen «13 humler», og då dei avslutta med «Liten fuggel» og «Månemannen» som ekstranummer, hadde dei teke publikum med på ei reise i musikken dei har laga i løpet av snart tretti år. På denne reisa fekk vi høyre songar som for lengst er blitt folkeeige, og vi fekk verte kjende med nokre av songane på den siste plata til bandet, «Tiå det tar».

Vi fekk også høve til å minnast lyrikaren Kolbein Falkeid, som har skrive tekst til rundt 50 av songane til Vamp. Han døydde tidlegare i år.

At dette vart ei flott reise, er det neppe naudsynt å skrive. Heller ikkje at folk gjekk stornøgde frå konserten. Men dette kan det vere greitt å nemne: Mot slutten av konserten retta Øyvind Staveland ein særskilt takk til Kariann Ekren, fordi som han sa: «...ho har stelt alt så fint i stand for oss».

Eg veit om minst 400 som kunne seie det same.

Tekst: Rune Garmann

**Vi vil med dette minne om konserten med
Sigrid Moldestad m. trio
på Nordbygda samfunnshus
onsdag 15. september kl. 18:00**

**Konserten, som er gratis, er open for
alle pensjonistar, innanbygds og utanbygds.**

**Av smittevernomsyn er det påmelding
på lørehand. Ein melder seg på til
Ivar Haukeland, tlf. 481 15 031**

**Skulle det verte naudsynt å avgrense
antalet tilskodarar, vert dei som registrerte
seg fyrst, prioriterte.**

Det lånar seg soleis ikkje å vente med å melde seg på!



Arr.: Nordbygda pensjonistlag



Masfjorden kommune
-ein kommune me er stolte av-



Den norske kyrkja
Masfjorden sokn

Innbyding til møte om frivillig arbeid

Arbeidsgruppa som skal sjå på Frivilligsentralen i Masfjorden innbyr til eit møte på

Sandneskafeen

torsdag 9. september kl.18:30 – 20:30.

Alle lag som har søkt om kulturmidlar for 2021 har fått skriftleg innbyding til møtet. Men Arbeidsgruppa ynskjer også personar som ikkje er med i noko lag eller organisasjon, men som har tankar om eller idéar til frivillig arbeid, varmt velkomne.

Av smittevernomsyn bed vi om at dei som vil vere med, melder ifrå til leiar av Frivilligsentralen i Masfjorden, Helga Ekehaug, anten pr telefon 56166262 / 91193612, eller via e-post :

friv.sentr@masfjorden.kommune.no

Innhaldet i møtet vert i korte trekk slik :

- **Ei kort innføring i arbeidsgruppa sitt arbeid – mål, metode, status.**
Det vert gitt ei kortfatta orientering om arbeidsmandatet arbeidsgruppa har fått, om korleis arbeidsgruppa har vald å arbeide ut frå dette mandatet, og kor langt ein er komen i prosessen.
- **Kva rolle kan ein frivilligsentral ha for å støtte opp under det frivillige arbeidet i kommunen? Kva er kommunen si rolle, og kva er dei frivillige si rolle?**
Målet er å gi møtelyden eit klårare bilete av kva forventningar ein kan/bør ha til frivilligsentralen som ein medhjelpar i det gode arbeidet som kommunen og dei frivillige gjer.
- **Kva oppgåver ser vi at folk i Masfjorden har behov for å finne ei løysing på?**
Arbeidsgruppa ynskjer å få eit betre innblikk i kva folk i Masfjorden faktisk ynskjer eller treng av innsats frå andre. Her vil organisasjonane fungere som talerøyr for ulike brukargrupper, og einskildpersonar kan vere talerøyr for folk som ikkje har eit lag eller ein organisasjon som har fokus på deira ynskje og behov.
- **Kva oppgåver ser vi at vi sjølve er i stand til å løyse, anten åleine eller i samarbeid med andre?**
Arbeidsgruppa ynskjer å få eit betre oversyn over kva ressursar vi faktisk har å spele på når ulike oppgåver skal løysast, og ser Frivilligsentralen som eit mogleg bindeledd mellom aktørar som kan samarbeide om å få gjort desse oppgåvene.

Arbeidsgruppa har forventningar om at eit slikt møte skal gi verdfull informasjon som kan nyttast i det vidare arbeidet med å finne ein god form på Frivilligsentralen i Masfjorden. I etterkant av møtet vil arbeidsgruppa samle og systematisere informasjonen, og få fagleg hjelp til å bearbeide denne. På den måten ynskjer ein å etablere eit godt grunnlag for det vidare arbeidet.

Av den grunn ser arbeidsgruppa på dette møtet som ein viktig milepæl i arbeidet, og ein vonar av den grunn at det vert god oppslutning om møtet.

For Arbeidsgruppa
Torill Torsvik Størkersen
- leiar av arbeidsgruppa -

Nytt kulturskuleår

Sist veke starta kulturskulen opp igjen med undervisning etter sommarferien. I år har kulturskulen 143 elevplassar og elevane får opplæringa på ettermiddags- og kveldstid på skulane i kommunen.

Kulturskulen har hatt undervisning stort sett gjennom heile koronapandemien, men den «utadretta» aktiviteten som kjenneteikner vår kulturskule har for det aller meste blitt sett på vent. No ser både elevar og lærarar fram til å delta på egne og andre sine arrangement, og få dela med andre det dei arbeider med og har lært seg.



På biletet er Anne Sofie, Leah og Ella godt i gang med å læra seg ein ny song. Lærer er Silje Kvamme Andersen

Bli med på å halda kysten rein!



«Kystlotteriet skal motivere folk til å rydde søppel i skjærgarden ved hjelp av premiering. På denne måten ynskjer Kystlotteriet å gjera folk meir medvitne rundt marin forsøpling, og å gje folk eit høve til å gjere ein innsats for miljøet gjennom noko som minner litt om ei skattejakt. Når alle bidreg litt, blir resultatet stort.»

5. og 6.klasse ved Nordbygda skule hadde eit prosjekt i Kunst&handverk som handlar om «plast i havet», og kva ein kan gjere sjølv for å forhindre forsøpling av naturen. Vi tok kontakt med Naturvernforbundet for å vere ein av fleire kommunar som er med i Kystlotteriet.

Om du har lyst til å vere med å samle inn søppel i vegkanten, på stranda eller på sjøen kan du ta deg ein tur inn på biblioteket på Nordbygda skule for å få deg ein sekk og eit lodd. Biblioteket er ope tysdagar frå kl.13.00-19.00 også i sommarferien.

Fyll opp sekken med plastsøppel du har funne, fyll ut loddet og levêr sekken din til containeren som er plassert på gamle tømmerkaien i Duesund. Då er det berre å vente og sjå om du vinn ein av mange flotte premiar. For å få meir informasjon kan du gå inn på nettsida til Kystlotteriet:

<https://kystlotteriet.no/>

Absolutt alle kan bidra!

Enkeltpersoner, familiar, skuleklassar, foreiningar og alle andre større eller mindre grupper av deltakarar kan delta.

Dess fleire, dess betre! Hugs at mindreårige, av tryggleiksmessige årsaker, må følgjast av vaksne.

Tekst: Anke Helland

50-årsfeiring for Nordbygda skulekorps 2.oktober!



Nordbygda skulekorps vart stifta 21.02.71 og feirer derfor 50 år dette året.

Initiativtakar og korpset sin første dirigent var Svein Veia. I løpet av desse 50 åra har vore svært mange musikantar innom.

2. oktober blir jubileumsfeiring på Nordbygda samfunnshus og korpset inviterer tidlegare musikantar, dirigentar, medhjelparar og interesserte til konsert og feiring med kaker og kaffi kl. 17.30.

I dag er korpset eit generasjonskorps med medlemmer i alle aldrar. Korpset sin faste dirigent er Inger Marie Håheim Tynning frå Brekke.

Ynskjer nye aspirantar

For tida er 14 av musikantane i alderen 8 - 13 år. Vi ynskjer fleire unge musikantar velkomne og vil i haust starte opp ei ny aspirantgruppe. Aspirant-instrumentet er kornett.

Dersom ein ynskjer å byrje på aspirantkurset så er det berre å ta kontakt med leiar Torill Torsvik Størkersen, torill@vestablikk.no

Hjarteleg velkommen til 50-års feiring på Nordbygda samfunnshus!



Oppdatert informasjon om koronaordning for arrangement og aktivitet

- Perioden for ordninga er utvida til 31. oktober
- Søknadsfristen er forlenga til 15. november



Koronaordning for frivillige lag og organisasjonar

Frivillige lag og organisasjonar kan søkje om tilskot i samband med arrangement og aktivitetar som er påverka av covid-19 pandemien.

Formålet med ordninga er å stimulere til gjennomføring av arrangement/aktivitet, men den gjeld også dersom ein må avlyse på grunn av restriksjonar eller råd frå myndigheitene i samband med covid-19.

Perioden for ordninga er no utvida, og gjeld frå 1. januar til og med 31. oktober 2021. Søkarar må vere registrerte i Frivilligregisteret.

Kva kan det søkjast om?

- Støtte til meirkostnader på grunn av smitteverntilpassingar eller i samband med utvikling/tilpassing av aktivitetar. Dette kan for eksempel vere innkjøp av smittevernutstyr, kostnader til leige av større lokale, digitalisering av eksisterande tilbod eller nye aktivitetar som digitale møteplasser.
- Støtte til mindreinntekter frå avlyste eller delvis gjennomførte arrangement. Dette kan for eksempel vere tapte billettinntekter, parkeringsinntekter, inntekter frå loppemarked eller kioskinntekter.
- Mindreinntekter frå anna spesifisert aktivitet avgrensa til publikumsinntekter og utleigeinntekter. Dette kan for eksempel vere museum, akvarium, kinoar eller idrettsanlegg. Utleigeinntekter kan vere utleige av bygningar, anlegg, hytter, fartøy eller andre rom og lokale.

Ny søknadsfrist er 15. november 2021.

Meir informasjon


Finn informasjon, søknadsskjema og rettleiing om koronaordninga på www.lottstift.no

Spørsmål? Ta kontakt på covid@lottstift.no eller telefon 57 82 80 00.

Merk: For momskompensasjonsordninga er det ingen endringar, her er søknadsfristen 1. september.

Les meir om momskompensasjon til frivillige organisasjonar på www.lottstift.no

Velkommen til småbarnstreff i regi av helsestasjonen og fysioterapeuten



Endeleg prøver me oss på småbarnstreff igjen. Småbarnstreff er for alle foreldre som er heime i permisjon med spedbarn. Småbarnstreffet vert **på Klubbhuset ved fotballbana på Hosteland.**

For å gjennomføre småbarnstreff vert det litt annleis enn tidlegare. Me må vere flink å halda smittevernsreglane, er ein sjuk må ein halde seg heime. Det er fint om ein kan ta med seg egne leika og eit teppe eller matte som barnet kan ligge på.

På småbarnstreffa har me først eit lite fagleg tema. Kom gjerne med forslag til tema! Det viktigaste med treffa er at me skal ha det kjekt i lag. Møte andre med små barn, bli kjent med andre småbarnsforeldre og drøfte kvardagsproblem. Me serverer kaffi, te og vatn. Lunch kan ein ta med sjølv om ein vil

Tidspunktet er som før, onsdagar kl. 10 – 12 (9.50 ferga frå Sandnes).

Datoar for treff hausten 2021 (det kan bli endringa om smittesituasjonen tilseier det):

22. september
20. oktober
17. november
15. desember

Alle er velkommen! Me håper å sjå dykk
Helsing Randi, Laila, Anne Hilde og Lene





Kontaktinformasjon til kyrkja



Kyrkjeverje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post: kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no

Kyrkjelydsmusikar: Anne Merethe Reknes
Tlf.: 47 41 31 41
E-post:
anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612
e-post:
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: ts657@kyrkja.no

Vipps Masfjorden Sokn: 620513



Frist for innsendingar til Masfjordingen

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar
etter fristane: 11. oktober og 22. november

Noter desse datoane i årshjulet for din
organisasjon. Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige stunder
frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få
åtgaum og folk i bygdene kan få eit innblikk
i det som skjer.

Kontaktinformasjon til kommunen



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Arbeidsgruppa for Masfjordingen

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge,
Sveinung Toft

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
Formgjeving: Mary Hope